



Referat frå møtet 09.04.2025, veke 15

Vi var 22 til stades — på dagen 85 år etter 9. april 1940 — medrekna 5 gjester og føredragshaldaren. **Inge Kaggerud** leidde møtet, i president Eva Boxaspens fråvær. Han opna møtet med diktet «Jeg vælger mig april», som **Bjørnstjerne Bjørnson** gav ut i *Digte og sange* (København 1870), utan å elske april. (– Bjørnson kødda med oss i sitt nest mest berømte dikt, seier Edvard Hoem i eit intervju på nrk.no 1. april i år.)

Det var tre **Tigrisinnlegg**. **Edrund Olaisen** minte om Litauenkomiteens pølsefest på Messehuset i Tønsberg 25. april. **Kari Herder Kaggerud** hadde vore på Bamble ungdomsskole og høyrte om ungdomsbedrifter. Ein frå Brevik RK takka Langesund RK for samarbeidet med dei vellykka Rotarlekene søndag 6. april.

Så introduserte Inge føredragshaldaren, langrennsløparen **Ella Gjømle Berg** – dotter til vår medlem **Geir Gjømle** – som fortalde om livet som toppidrettsutøvar. Ella er nemnd 28 gonger i boka *Stathelle og omegns idrettslag 75 år* – frå ho som åtteåring vann sin klasse i SOILs kretsrenn i 1988 til ho seinare blir karakterisert som ein av dei fremste idrettsutøvarane SOIL har fostra. Ho er omtalt på Wikipedia på tolv språk, medrekna arabisk og persisk.

I tida 2001–2007 fekk ho fire gullmedaljar, to sølvmedaljar og tre bronsemedaljar frå NM i langrenn. Kva ho elles har av medaljar frå verdsmeisterskapar, verdscupar og OL 2006 i Torino, kan vi ikkje yte rettferd i dette referatet. Verdiscupsigeren i Oberstdorf 22. januar 2006 står som eit høgdepunkt. Vi fekk også høyre om det slitsame livet som aktiv – med 250 reisedøgn i året – men òg om god venskap mellom utøvarane.

Dei to siste åra har Ella vore engasjert i antidopingsarbeid, som høver godt, sidan ho er utdanna jurist.

Eit hyggjeleg og interessant føredrag om eit miljø nokre av oss veit lite om!

Langesund,
22. april 2025.

Rolf Theil



Jeg vælger mig april.

Jeg vælger mig april!
i den det gamle falder,
i den det ny får fæste;
det volder lidt rabalder, —
dog fred er ej det bedste,
men at man noget vil.

Jeg vælger mig april,
fordi den stormer, fejer,
fordi den smiler, smelter,
fordi den ævner ejer,
fordi den kræfter vælter, —
i den blir somren til!